

Regionråd 4-2023, 3. november.

Sak 34/23	<p>Nordhordland legevakt - legevaktavtale</p> <p>Saka har vore gjennom fleire møte i Kommunedirektørutvalet siste året. Ørjan Raknes Forthun orienterte saka. Presentasjon vedlagt.</p> <p>Nordhordland legevakt (NLV) er eit administrativt vertskommunesamarbeid kml §20-2, og der Alver kommune er vertskap for legevakta. Legevakt er ei lovpålagt oppgåve og der ein i avtalane må vida til lovverket. Vertskommunen overtar ansvaret for dei lovpålagte tenestene. Når det gjeld rapportering, så rapporterer leiar legevakt til kommunedirektør i vertskommune.</p> <p>Kommunedirektøren i Alver sitt framlegg til vedtak:</p> <p>Kommunestyret i x kommune vedtek «Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid – Nordhordland legevakt» slik den ligg føre.</p> <p>Vedtak i kommunedirektørutvalet 5-2023, 29. september:</p> <p>Kommunedirektørutvalet gir framlegg om følgjande vedtak i Regionrådet: Regionrådet tilrår at x. kommune vedtar «Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid – Nordhordland legevakt» slik den ligg føre.</p> <p>Samrøystes vedtak:</p> <p>Regionrådet tilrår at x. kommune vedtar «Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid – Nordhordland legevakt» slik den ligg føre.</p>
-----------	---